



AUSTRHEIM KOMMUNE KONKURRANSEGRUNNLAG

Anskaffelse etter forskriftens del I

Energianalyse og energimerking, Austrheim kommune

Saksnr: 2023/3
Merccellnummer 330053

1.1 Om oppdragsgivar

Austrheim kommune er ein kommune i Vestland Fylke. Innbyggertallet i kommunen er om lag 2.900. Kommunen eig mellom anna to skular og barnehagar, kommunehus, idrettshall og sjukeheim. Oppdragsgjevar sin kontaktperson er:

Namn:	Bjørn Bjørge Størkersen
e-post	bjorn.storkersen@austrheim.kommune.no

Eventuelle spørsmål skal rettast skriftleg til kontaktpersonen.

1.2 Innledning

Kommunestyret har sett i verk arbeid for å sjå på energieffektivisering. Vidare ønskjer ein å sjå på moglegheit for å produsera mest mogleg eigen energi. Austrheim kommune innbyr difor tilbydarar til å gje tilbod på energikartlegging på seks kommunale bygg. Desse seks bygga er;

	Adresse	Byggeår	Grunnflate	Byggemåte	Oppvarming
Kaland skule, inkludert barnehage og symjebasseng	5953 Fonnes	1970-2003, opprusting 2023	3376	Mur/tre	EL med varmepumpe
Årås skule	5943 Austrheim	1978/81/87	3068	Mur/tre	EL
Austrheim kystbarnehage	5943 Austrheim	2014	1169	Tre	EL
Austrheimhallen	5943 Austrheim	1997	2622	Tre	EL med varmepumpe
Austrheim kommunehus	5943 Austrheim	2005	1925	Mur/tre	EL og gass
Nordliheimen sjukeheim	5943 Austrheim	1963/86/00/10	2425	Mur/tre	EL og gass

Dei aktuelle bygningane er delvis av eldre dato, og påbygd/renovert fleire gonger.

Teikningsgrunnlag og annan teknisk informasjon vil vera mangelfull. Valde leverandør vil måtta kombinera tilgjengeleg teknisk informasjon med munnleg informasjon frå lokal driftsoperatør. Oppdragsgjevar vil stå for å kartlegga energiforbruk for siste tre år.

1.3 oppdragsbeskrivelse

Det skal gjennomførast energimerking på angitte bygg etter krava i Energiforskriften og TEK 17. Energiattesten skal innehalda:

- Eit energimerke
- Prioritert tiltaksliste over kostnadseffektive energieffektiviseringstiltak for kvar bygning.
- Dokumentasjon på kva opplysningar utrekningane byggjer på.
- Om mogleg, energibruk tre siste år.

- I tillegg skal det gjevast vurderingar av kva potensiale som ligg i å montera solcellepanel på taket av på kvar av dei seks bygningane. Vurderinga av solceller skal berre omfatta potensialet for energiproduksjon, ikkje tekniske vurderingar knytt til styrke av tak og innfesting på tak.
- I tillegg skal det leverast eventuelle tilrådingar for tilleggsanalysar/vidare arbeid med energieffektiviserande tiltak som valde leverandør meiner kommunen bør utføra etter at oppdraget er avslutta.
- Lista er ikkje uttømmende. Det kan vera aktuelt å avtala tilleggsarbeid med valde leverandør undervegs i prosessen.
- I tillegg til det som er lista over, skal valde leverandør levera ein kortversjon av sin rapport i power point-format. Denne skal vera utforma slik at den kan brukast som enkel presentasjon på 10-15 minutt i politiske møte. Presentasjonen må innehalda;
 1. Kort forklaring som viser korleis analysane er gjort.
 2. Hovudfunn/forslag til ENØK-tiltak i prioritert rekkefølge med kostnadsoverslag for kvar bygning.

Møter som skal inngå i tilbudsprisen

I tilbudet skal alle kostnadar i samband med følgande møte vera inkludert i tilbudsprisen;

1. Eit oppstartsmøte.
2. Det talet befaringar på kvart bygg som tilbydarane vurderer nødvendig
3. Eit oppsummerande møte med gjennomgang av rapport.

Møta vert som hovudregel gjennomført hjå oppdragsgjevar.

Leverandør skal så langt mogleg gjennom heile prosjektet bruka den/dei same medarbeidarane. Omtale av tilbydd personell med CV skal leggest ved tilbudet.

Oppdragsgjevar sin kontaktperson og/eller lokal driftsoperatør på kvar bygning, vil vera tilgjengeleg for å delta på synfaringar i den utstrekning valde leverandør finn det nødvendig.